



Fylkesting for ungdom 2018

SAK 1: Konstituering

Møteleiar: Rune Holsen Nygård

Egil Vestrheim (ass.)

Uttalenemnd: Milad Dean, Førde

Katrine Walaker, Årdal

Kine Vee Høl, Årdal

Marius Hellan Hindenes, Hordaland

Kamilla Rivedal, UPU

Njål Hopen Eliasson, UPU

Valnemnd: Ole Martini, UPU (leiar)

Maylinn Flikki, Sogndal

Rune Holsen Nygård

Guro Høyvik (sekretær)

Teljekorps: Ole August Iversen, Møre og Romsdal

Urté Karanauskaité, Møre og Romsdal

Anna Elisabeth Øyrehaben Akselvoll, Hordaland

Referent: Vigdis Tonning

Guro Høyvik (ass.)

Sak 2/18 Godkjenning av innkalling og sakliste

Sak 3/18 Endring av vedtekter for fylkesting for ungdom/ ungdomspolitisk utval

Endringsforslag til fylkesting for ungdom (FFU) sine vedtekter:

Forslag 1

Forslagsstiller: Ungdomspolitisk utval.

Kvar: Side 4, linje 5-6.

Forslagstype: Endringsforslag.

Forslag: Endre "Politiske ungdomsparti og fylkesdekkande ungdomsorganisasjon kan sende to delegatar og to observatørar." til
"Politiske ungdomsparti og fylkesdekkande ungdomsorganisasjonar kan sende éin delegat og to observatørar."

Grunngjeving: Fylkesting for ungdom skal vere ein arena for all ungdom, og ikkje berre for dei som er politisk engasjerte. Det skal ikkje vere slik at den som er flinkast til snakke eller lagar mest bråk, skal få mest gjennomslag. Derfor meiner vi at dei politiske ungdomspartia og fylkesdekkande ungdomsorganisasjonane ikkje bør få sende like mange delegatar som kommunane.

Forslag 2

Forslagsstiller: Ungdomspolitisk utval.

Kvar: Side 4, linje 11-12.

Forslagstype: Strykingsforslag.

Forslag: Stryk "Dei som vert valt er UPU sine kontaktpersonar i perioden mellom to fylkesting for ungdom."

Grunngjeving: ...

Forslag 3

Forslagsstilla: Ungdomspolitisk utval.

Kvar: Side 5, linje 10-11.

Forslagstype: Endringsforslag.

Forslag: Endre "Dersom røystene står likt er leiar av UPU si røyst avgjerande. Det er ikkje tillede å krevje skriftleg røysting." til "Dersom røystene står likt vert det votert over saka éin gong til. Dersom røystene deretter igjen står likt er leiar i ungdomspolitisk utval si røyst avgjerande. Det er ikkje tillede å krevje skriftleg røysting."

Grunngjeving: Meir demokratisk.

Forslag 4

Forslagsstilla: Ungdomspolitisk utval.

Kvar: Side 8, linje 11.

Forslagstype: Endringsforslag.

Forslag: Endre "Saker kan og bli tekne opp av delegatane og observatørane under generaldebatten på FFU." til "Saker kan og bli tekne opp av delegatane og observatørane under generell politisk debatt."

Grunngjeving: Enklare å forstå kva som er meint.

Forslag 5

Forslagsstilla: Ungdomspolitisk utval.

Kvar: Side 10, linje 23-24.

Forslagstype: Endringsforslag.

Forslag: Endre "Uttalenemnda skal ha 5 medlemar, med tale og stemmerett, og ein sekretær. Det bør vere ein medlem fra ungdomspolitisk utval (UPU) i nemnda." til "Uttalenemnda skal ha 5 medlemar, med tale og røysterett. Nemnda kan blant seg velje ein leiar og ein sekretær. Det bør vere ein medlem fra ungdomspolitisk utval (UPU) i nemnda."

Grunngjeving: ...

Forslag 6

Forslagsstilla: Ungdomspolitisk utval.

Kvar: Side 10, linje 26-27.

Forslagstype: Endringsforslag.

Forslag: Endre "Alle medlemene må vere delegat eller observatør på tinget." til "Alle medlemene må vere delegat, observatør eller gjest på tinget."

Grunngjeving: Opnar for fleire perspektiv.

Forslag 7

Forslagsstilla: Ungdomspolitisk utval.

Kvar: Side 12, linje 23-26.

Forslagstype: Endringsforslag.

Forslag: Endre "Valnemnda skal ha 4 medlemmar. Valnemnda skal ha ein leiar, og denne bør vere fra ungdomspolitisk utval. To av dei resterande medlemane skal anten vere delegat, observatør eller gjest ved fylkesting for ungdom, og den siste ein tilsett fra fylkeskommunen." til "Valnemnda skal ha 3 medlemar med røysterett. Valnemnda skal ha ein leiar, og denne bør vere frå ungdomspolitisk utval. Dei resterande medlemane skal anten vere delegat, observatør eller gjest ved fylkesting for ungdom. Dessutan sit sekretær for UPU i valnemnda, men har ikkje røysterett."

Grunngjeving: På denne måten unngår vi at den fylkeskommunale tilsette har påverknad på innstillinga til valnemnda.

Forslag 8

Forslagsstilla: Ungdomspolitisk utval.

Kvar: Side 13, linje 3.

Forslagstype: Tilleggsforslag.

Forslag: Leggje til "I tillegg kan alle som opprinnelag var inviterte til fylkesting for ungdom melde sitt kandidatur til valnemnda."

Grunngjeving: Spesifisere at det ikkje er noko i vegen for at folk kan stille til verv i UPU, sjølv om dei ikkje har høve til å delta på fylkesting for ungdom.

Forslag 9

Forslagsstilla: Ungdomspolitisk utval.

Kvar: Side 13, linje 9-10.

Forslagstype: Strykingsforslag.

Forslag: Stryke "Innstillinga skal leggjast fram for fylkesting for ungdom minst ein time før røysting."

Grunngjeving: Ikkje realistisk.

Endringsforslag til ungdomspolitisk utval (UPU) sine vedtekter:

Forslag 1

Forslagsstiller: Ungdomspolitisk utval.

Kvar: Side 2, linje 18-19.

Forslagstype: Endringsforslag.

Forslag: Endre "Det er den tilsette som bestemmer møtetidspunkt." til "Det er den tilsette i lag med medlemene i UPU som bestemmer møtetidspunktet."

Grunngjeving: ...

Forslag 2

Forslagsstiller: Ungdomspolitisk utval.

Kvar: Side 3, linje 25-27.

Forslagstype: Strykingsforslag.

Forslag: Stryk "Dersom medlemen som ynskjer å trekkje seg er valt for to år, og ynskjer å trekkje seg første år skal FFU velje nytt medlem til UPU etter reglane i §5 i vedtekten for fylkesting for ungdom og § 2 i vedtekten for ungdomspolitisk utval ved neste tingsete."

Grunngjeving: Unødvendig / overflødig.

Sak 4/18 Årsmelding frå ungdomspolitisk utval (UPU)

Sak 5/18 Generell politisk debatt

Sak 6/18 Spørjetime

Sak 7/18 Vedtak av dato for fylkesting for ungdom 2018

Forslagsstillar: Ungdomspolitisk utval.

Forslag: fylkesting for ungdom skal arrangerast 5. til 7. april 2019.

Sak 8/18 Vedtak av fråsegner

Sak 9/18 Val av nytt ungdomspolitisk utval